



Politiattest Hareid IL

Kven skal Idrettslaget krevje politiattest av

- Politiattest krevst av personar som skal utføre oppgåver for idrettslaget som inneberer et tillits- og ansvarsforhold overfor mindreårige eller menneskjer med utviklingshemming. Med mindreårige meinast barn og unge under 18 år.
Dvs. trenarar, instruktørar og lagleiarar som skal ha direkte kontakt med mindreårige eller menneskjer med utviklingshemming
- Dersom ein person tar på seg andre oppgåver i same idrettslag, for eksempel et nytt lag etter ein sesong, krev det ikkje ny politiattest.
Dvs. at ein attest er nok om personen er engasjert i fleire grupper innan idrettslaget. Attesten skal visast til hovedstyret sin utnemnde.
- Om ein person ikkje ønskjer å innhente politiattest, skal idrettslaget ikkje benytte denne personen til oppgåver i idrettslaget.
- Vedr. varigheit og fornying: Attestar som er utstedt til denne ordninga (for idretten) er gyldig inntil 3 år. Seinast etter 3 år vil Hareid IL krev ny attest.

Viser for øvrig til svar gitt på "Ofte stilte spørsmål" på <http://www.idrett.no/tema/politiattest/>

Kven i Hareid IL kan krevje politiattester

Det er kun idrettslagets hovedstyret som kan krevje politiattest og ikkje grupper eller utval i laget. Hovedstyret i Hareid IL består av AU, samt leder i de ulike gruppene.

Korleis innhente politiattestar / elektronisk søknad

Idrettslaget er pålagt å innhente politiattest frå dei som tar på seg eit oppdrag for idrettslaget som inneberer et tillits- og ansvarsforhold overfor mindreårige eller menneskjer med utviklingshemming. Med mindreårige meines barn og unge under 18 år.

Gruppeledar i dei enkelte gruppe avgjer kven som skal vise politiattest. Det er den aktuelle personen sjølv som skal søke om politiattest, ikkje idrettslaget. Frå juli 2014 kan søknad sendes elektronisk.

Korleis ein søkjer finn ein på <https://www.politi.no/tjenester/politiattest/>.

Saman med søknaden skal det sendes en «bekreftelse på føremål» frå Hareid IL, som er signert av styret sin utnemnde.

Søkjalarar under 18 år kan ikkje søke om politiattest elektronisk. Se informasjon på <https://www.politi.no/tjenester/politiattest/> korleis ein går fram.

Korleis handtere politiattestar

- Politiet sender politiattesten til den aktuelle personen i posten.
- Attesten skal så visast den styreoppnemnte . Attesten skal ikkje leverast gruppeleder / idrettslaget.
- For behandling av attestar med anmerkning vises til Veileder utarbeidet av NIF.

Vedtak på hovedstyremøte:

informasjonen på kven som treng politiattest sendes vidare til oppnemnt kontaktperson i idrettslaget, Margrethe Hareide Garnes, som utarbeider eit felles register for heile Hareid IL

Informasjon sendast på følgjande e-postadresse margrethe@islandoffshore.com

Det vil seie at det er gruppeleiarane som er ansvarlig for at alle aktuelle personar viser politiattest.

Kontaktperson i idrettslaget er ansvarlig for at informasjonen er forsvarlig registrert.

Kva dette registeret skal inneholde

- Namn på person.
- Gruppe/-er.
- Oppgave / ansvarsområde.
- Dato for utlevert stadfesting til søker
- Dato for godkjenning frå politiet